



**Nasjonalparkstyret
for Reinheimen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 05
fminpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen>

Vilhelm Henrik Seyffarth
Arnstein Arnebergs Vei 5
0274 Oslo

Saksbehandlar Mari Melbø Rødstøl

Vår ref. 2021/548-2 432.2

Dykkar ref.

Dato 10.03.2021

Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - barmark – motorbåt - Tunga - Vilhelm Seyffarth

Delegert vedtak

Barmark

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3, d) får Vilhelm Seyffarth løyve til motorferdsel med bil frå parkeringsplassen ved Tunga og til hytta si, for transport av varer og utstyr.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 13 turar per år frå 2021 t.o.m. 2025.
- Løyvet gjeld kun for ein bil per tur.
- Parkering ved hytta skal ikkje overstige 14 dagar. Ved lengre opphald må bilen returnerast og parkerast på parkeringsplassen ved Tunga.
- Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen og legges synleg i frontruta når bilen står parkert.
- Køyrrapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 01.12 kvart år, på følgjande elektroniske skjema:
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta og naturmangfaldlova.

Ved bruk av leigekøyrrar treng ikkje kommunen særskild behandling, jf. rammer for leigekøyrrarløyve gjeve av kommunane. Det er søker sitt ansvar å avklare tiltaket med evt. andre myndigheiter og grunneigarar.



Snødekt mark

Med heimel i verneforskrifta for Romsdalen lvo § 3 pkt. 5.3 bokstav b, får Vilhelm Seyffarth dispensasjon til snøskutertransport i samband med transport av varer til eiga hytta på Tunga i Brøstdalen.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld for 2 turar pr år i vintersesongen 2020/2021 – 2024/2025.
- Transporten skal skje før 20. april evt. 3. påskedag om den er seinare.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjent av Rauma kommune til transporten.
- Køyretrase: Langs vegen i Brøstdalen. Retur i same køyrespor.
- SNO ved Thomas Rødstøl (tlf.: 915 47 617), skal varslast på SMS dagen før køyring.
- Søkjar skal sørge for at leigekøyrar har fått ein kopi av dispensasjonen.
- Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen (jf. motorferdselforskriften § 7).
- Søkjar skal sende inn køyrer rapport til nasjonalparkforvaltninga innan 05.06 kvart år på følgjande elektroniske skjema:
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf

Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.

Motorbåt

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 6.3, bokstav f), får Vilhelm Seyffarth dispensasjon til å bruke motorbåt i samband med fiske på Ulvådalsvatnet i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for inntil 10 turar.
- Motorstyrka skal ikkje overstige 10 hk.
- Dispensasjon gjeld for 5 år, f.o.m 2021 t.o.m. 2025.
- Løyvet skal tas med på turen.
- Det skal visast særleg stor aktsemd for fuglelivet, spesielt våtmarksfugl, for å unngå at fuglar vert skada og fortyrra. Dersom det er «bifangst» av dykkender i forbindelse med garnfiske, skal det rapporterast til nasjonalparkforvaltar, på e-post.

Vi oppmodar til bruk av lydlaus el-motor.

Vi gjer merksam på at det må innhentast eventuelle nødvendige løyve til motorferdsel frå kommunen og grunneigar, jf. «Lov om motorferdsel i utmark» og lokal forskrift.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.



Saksopplysningar

Dokument i saka

Søknad frå Vilhelm Seyffarth på Epost 21.12.2020 og 11.03.2021

Søknaden

Vilhelm Seyffarth søker om løyve til 15 turar til hytta si, derav 13 turar med bil og 2 turar med snøskuter. I en mail seinare søker han og om løyve til å nytte motorbåt i samband med fiske på Ulvådalsvatnet

Heimelsgrunnlag

Delegering

I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker av kurant karakter.

Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forskrift for Reinheimen NP 24.11.2006.
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

Verneforskrift og verneformål:

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit høgfjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald. Området er eit sentralt leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord. Det er også eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient, særprega geologiske førekomstar, vassdragsnatur og ikkje minst kulturminne. Tilgang til naturopplevingar og friluftsliv skal skje gjennom tradisjonell ferdsel med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formåls punkt.



Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde og Reinheimen NP er i utgangspunktet all motorferdsel forbode. Forvaltningsmyndet kan etter § 3 pkt. 5.3 bokstav b i verneforskrifta til Romsdalen LVO gje løyve til m.a:

Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.

Forvaltningsmyndet kan etter §3, pkt 6.3 i Reinheimen NP gje løyve til:

b) *bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte trasear eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt.*

Når det gjeld motorferdsel med båt kan forvaltningsstyresmakta med heimel i verneforskrift for Reinheimen NP § 3, pkt 6.3, gi løyve til: f) *Bruk av båt med motor på Ulvådalsvatnet og Leirungsvatnet i samband med fiske, materialtransport og organisert tilsyn av beitedyr. g) bruk av motor på Torsvatnet i samband med fiske og transport i samband med jakt.*

Forvaltningsplan.

Forvaltningsplanen for Reinheimen NP utdjupar vernereglane.;

Romsdalen landskapsvernområde:

Nødvendig transport av ved, material eller varer til buer og hytter med vidare § 3, pkt. 5.3.

Motorisert ferdsl i Romsdalen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum. (...) For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode.

Motorferdsel i samband med slike løyve skal i regelen skje ved bruk av leigekøyrar med snøscooter eller ved bruk av helikopter. For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode.

Leigekøyrar/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyrsmakta innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast fleirårige løyve inntil 5 år med avgrensing i tal på turar. Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik: på vinterføre 1-5 turar.

Køyning på snødekt mark skal normalt ikkje skje etter 20. april, ev. 3. påskedag om den er seinare. Leigekøyraren har ikkje høve til å frakte personar. Dersom det ikkje medfører ekstra køyning kan likevel den som leiger leigekøyraren, sitte på med eller henge etter leigekøyraren på slik transport som nemnt ovafor.



Reinheimen Nasjonalpark:

I Reinheimen nasjonalpark er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyring skal ikkje skje.

I verneforskrifta står det at forvaltninga kan gje løyve til nyttekøyring til buer og hytter ved bruk av leigekøyrar. For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. Leigekøyrar skal varsle SNO på førehand og det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltninga innan 5. juni kvart år.

For kjende, faste transportformål kan det gjevast fleirårige løyve inntil 5 år med avgrensing i tal på turar. Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:

- på vinterføre 1-5 turar
- på vatn 1-10 turar
- i lufta 1-3 turar

Om bruk av motorbåt står det slik på s. 49 i forvaltningsplanen: ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Ulvådalsvatnet, Leirungsvatnet og Torsvatnet i samband med fiske, skal det setjast vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk.

Vurdering

Verneverdiane i Reinheimen og tilgrensande landskapsvernområde er i stor grad knytt til naturverdiar. Motorferdsel kan virke negativt på fauna i ein sårbar fase som kalving/hekking. Rovfugl og villrein er særleg utsett. I tillegg kan støy frå motorisert ferdsel vere forstyrrande for folk som er ute på tur.

I Forvaltningsplan for Reinheimen blir det understreka at motorferdsel kan vera særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken og landskapsvernområda skal vera skjerma for unødig støy og uro, og at motorferdsel skal ha eit klart nytteføremål. I verneområda er det difor ei målsetting om å halde motorisert ferdsel på eit minimum.

Transporten det søkast om er definert som eit tiltak det kan gjevast løyve til, jf. § 3, pkt. 5.3. b) og d) i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde og for bruk av motorbåt finns det heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 6.3, bokstav f).

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Det er allment kjent kunnskap at motorferdsel kan virke forstyrrande på dyreliv. I tillegg er støy frå motorferdsel ofte forstyrrande på friluftslivet. Dette er bakgrunnen for å minimere motorferdselen.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbasen. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Dersom ein observerer rovfugl, villrein eller andre sårbare viltartar, er det viktig å halde god avstand for å unngå unødig forstyrring, jf. føre-var-prinsippet i nml § 9.

Det meste av villreinen held seg på østsida av Reinheimen vinterstid, og motorferdsel med snøskuter vil såleis ikkje forstyrre reinen nemnverdig. Det kan i tilfelle være Trollstigrein i området. I dispensasjonen står det difor at ein skal spesielt ta omsyn til villrein og rovfugl,



som er sårbare mot forstyringar. Det er heller inga kjente hekkelokalitetar for rovfugl i traseen.

Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning", skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring i verneområdet. Snøskutertransporten skal gjennomførast med leigekøyrar, og kan såleis samordnast med andre køyreoppdrag i området. Ved å gje vilkår på antal turar pr løyve, held vi motorferdselen på eit minimum. For å unngå fleire parkerte bilar ved hyttene, gjeld løyvet kun for ein bil pr tur. Om ein hytteeigar får besøk av nokon med bil, må dei parkere bilen ved parkeringsplassen på Tunga. Slik unngår vi mange parkerte bilar ved hytteområdet, som kan føre til ein redusert naturoppleving ved dette området. § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet er vurdert til ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Bruk av snøskuter er ein føremålstenleg metode for å løyse transportbehovet om vinteren. Det er etablert forvaltningspraksis i tilsvarende saker, og den totale belastninga ved transporten er akseptabel så lenge det vert teke omsyn til naturmiljøet. Dersom det er informasjon om at villrein held til i køyretraseen, skal det ikkje køyrast. Om ein møter på rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna. Bruk av motorbåt kan være formålsteneleg ved fiske i det store vatnet Ulvådalsvatnet. Vi oppmodar søkjar om å nytte el- motor. Dei nye elmotorane er lydlause og skjemmar verken dyr eller turgåarar.

Belastninga for verneområdet er forbigående og akseptable. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

Med helsing

Mari Melbø Rødstøl
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

Statens Naturoppsyn v/Per Olav Haugen
Reinheimen-Breheimen villreinutval v/Knut
Granum

Statsforvalteren i Innlandet

Postboks 987 2604 LILLEHAMMER

Statens naturoppsyn v/Thomas Rødstøl

Rauma kommune

Vollan 8A 6300 ÅNDALSNES

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Postboks 2520 6404 MOLDE

Kristine Sørli